

Søknad

Søknadsnr.	2013-0161	Søknadsår	2013	Arkivsak
Støtteordning	Bolyst 2013			
Prosjektnavn	KVAMMALOKK REVISITED - LAKMUSTESTEN			

Kort beskrivelse

Etablering og organisering av kunst- og kulturbasert næringsklynge basert på røynsle, institusjonar og nettverk som er bygd opp gjennom tilflyttingsprosjekta Kvammalokk og Hardangerlokk med mål om auka attraktivitet som bu- og arbeidsstad for kunstnarar.

Prosjektbeskrivelse

Dei seinare åra har Kvam herad vore pådrivar og vertskommune for kunst- og kulturprosjekt i Hardanger som har hatt til hensikt å auke folketalet. Gjennom dette arbeidet er det etablert fleire kunstinstitusjonar av høg kvalitet.

Planen er nå å organisere samarbeid mellom desse institusjonane for å nå nye mål om auke i verdiskapinga, fleire kunstopplevingar, meir bruk av kunstnarisk kompetanse i utvikling og problemløysing.

Arbeidet er godt i gang, og planen vert utvikla i samråd med aktørane. I Fyrste fase av prosjektet er det innhenting av kunnskap, organisering og skiving av prosjektplan som har fokus. I andre fase av prosjektet skal denne organiseringa skape grunnlag for små og store prosjekt i Kvam og Hardanger. Fleire av aktørane har regional og internasjonal profil, så det er naturleg å innlemme dei andre Hardangerkommunane i programmet.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Kvam herad	Grovagjelet 16 5600 NORHEIMSUND	48253013
Kontakt- person	Lars Erik Klafstad	Grovagjelet 16 5600 NORHEIMSUND	48253013
Prosjekt- leder	Lars Erik Klafstad	Grovagjelet 16 5600 NORHEIMSUND	48253013

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Både Kvammalokk i 2007/08 og Hardangerlokk i 2009/10 mottok midlar frå det offentlege ved Hordaland fylkeskommune, Kommunal og regionaldept, Norsk kulturråd, kompensasjonsmidlar for kraft og arbeidsgjevaravgift og frå sponsorar.

Prosjekta gjekk over fleire år. Eventuelle rapportar kan etteersendast.

Spesifikasjon

Bakgrunn

Gjennom prosjekt som Kvammalokk og Hardangerlokk har kvam herad vore deltakande i etablering av Hardanger Kunstsule, Galleri Puls og Kunstnarhuset Messen. Frå før var Harding Puls etablert og Kunsthuset Kabuso opna i 2006. Fram til nå har fokuset vore retta mot oppbygging av dei nye institusjonane. Kvam herad har ikkje ei formell styringsrolle utanom som tilskotsgevar til desse institusjonane.

Aktørane som er nemnt her med fleire (td Bygdalarm og Hardingtonar) dannar i prinsippet ei næringsklynge. Ein samlande plan og eit koordinerande ledd mellom aktørane er det som manglar for å kunne maksimere effekten av det som er etablert. Dette er basert på røynsle og diskusjonar som har dukka opp under arbeidet med Hardangerlokk, Messen og Haku.

Arbeidet har starta opp og blir intensivert gjennom våren.

Kulturkontoret har initiert og sett i gong arbeidet med ein strategisk plan for kunstfeltet. Den skal innehalde:

- Analyse av kulturfeltet i Kvam
- Synleggjere verdiskapinga i dette feltet
- Lage mål for framtida
- Definere målgrupper
- Definere ressursbehov
- Tiltak

Ein ser føre seg at Kvam herad si rolle vert som initiativtakar og prosjekteigar i oppstartfasen, men at prosjektet får si eiga styringsgruppe. Denne strategiplanen går over 5 år og inneheld 3 fasar. Det er skissert utviding av talet på aktørar og medverkande etter kvart for å få mest mogleg ut av danninga av næringsklyngen.

Kvam er årets kulturkommune i Hordaland. Dette prosjektet er vidareføring av arbeidet som var vårt sterkaste kort, og som resulterte i utmerkinga. Det har vist seg å gje resultat for Kvam i form av fleire folk og godt omdøme. Sjå avsnittet «årets kulturkommune» under her for grunngjeving. Sjå også vår vedlagte søknad om status som kulturkommune. Spesielt fyrste delen gjev god innsikt i vår bakgrunn for denne søknaden.

Frå juryens grunngjeving: Det sterkaste kortet i søknaden og det mest særmerkte ved kulturarbeidet i årets kulturkommune er korleis dei bruker kunst og profesjonelle kunstnarar kreativt som ein viktig faktor i stadsutviklinga, ikkje minst ved å lokke til seg kunstnarar frå andre land og stader.

Prosjekt mål

Hovudmålsettinga er å skape meirverdi av den satsinga som har vore gjennomført dei seinare åra. Kvam har utmerka seg i dette arbeidet, og har potensiale for utvikling. Vidare er målet:

- Synleggjere verdiskapinga i kunstfeltet
- Synleggjere og tilpasse kommunalt tilskot
- Auke kunnskap om kunst blant folk
- Betre koordinering mellom aktørane
- Nettverksbygging og internasjonalisering
- Publikumsutvikling
- Fleire kunstoplevingar
- Nærings- og forretningsutvikling
- Samarbeid med reiseliv
- Auka merksemd rundt kunstsule og kunstilbod i Kvam
- Ressursutnytting av mangfaldig kompetanse
- Samarbeid med skule og offentlege institusjonar

Forankring

Dette prosjektet har solid forankring blant deltakarane og i kommunen etablert gjennom samarbeid om prosjekter gjennomført frå 2005 til i dag.

Denne planen skal til politisk handsaming hausten 2013 for å vedta kommunal medverknad i gjennomføringsfasen.

Prosjektorganisering

Prosjekteigar: Kvam herad v/rådmannen

Prosjektansvarleg: Kvam herad v/sjef for samfunn og utvikling

Prosjektleiar: Kvam herad v/leiar kultur

Prosjektplanen vert utvikla med Kvam herad som initiativtakar og i samarbeid med aktørane i den fyrste fasen. Dette er delvis dugnad og innleige av kompetanse. Det er fleire vegar som fører mot målet i den vidare organiseringa og leiinga av prosjektet. Ei styringsgruppe og ein koordinator er føresetnader. Prosjektleiinga og ansvaret kan leggjast til ein av aktørane.

Kvam herad er ansvarleg for oppretting av prosjektet.

Planen vil bli fremma for politisk handsaming hausten 2013.

Samarbeidspartnere

Aktørane i fyrste fase: Hardanger Kunstsule Harding Puls Kunstnarhuset Messen Kunsthuset Kabuso Galleri Puls

Aktiviteter

Første fase inneholdt research for kartlegging av verdiskaping i kunstfeltet. Miniseminar og gruppearbeid med skriving av planen. Organisering og politisk handsaming. Vidare er det arbeid med oppretting av kompetansedatabase, marknadføringskanalar, definisjon av målgrupper og utvikling av marknads- og aktivitetsplan.

Andre fase er ein gjennomføringsfase med kvalitetssikring og justering.

I den tredje fasen skal det vere etablert ein organisering og koordinering som gjer det mogleg å ta inn fleire aktørar i planen og utvide samarbeidet til også å inkludere skule, barnehage, kulturskule, museum og bibliotek. I tillegg til frivillige og private organisasjonar. Til dømes mål om integrering og læring kan vere nye mål for eit slikt samarbeid.

2013:

Etablere organisasjonen

Skrive plan

Utvikle prosjekt

Skaffe finansiering

Opplevingar for folk

Politisk behandling

2014:

Tilsette koordinator 20%

Gjennomføre planen

Utvikle prosjekt

Skaffe finansiering

Opplevingar for folk

Kulturseminar i Kvam

Utvikle nettverk

2015:

Utvide koordinator til 50%

Utvide planen med fleire aktørar

Utvikle prosjekt

Skaffe finansiering

Reiselivsprosjekt

Opplevingar for folk

Kulturseminar i Hardanger

2016:

Koordinator 50%

Gjennomføre planen

Utvikle prosjekt

Skaffe finansiering

Reiselivsprosjekt

Opplevingar for folk

Kulturseminar i Hardanger

2017

Koordinator 50%

Gjennomføre planen
Utvikle prosjekt
Skaffe finansiering
Reiselivsprosjekt
Opplevingar for folk
Internasjonalt Kulturseminar i Hardanger
Vidareføring?

Målgrupper

I fyrste fase:

Profesjonelle kunstnarar
Kunst og kulturinstitusjonar
Samarbeidspartar i andre kommunar
Internasjonalt nettverk

I andre fase kjem desse i tillegg:

Lokalbefolkning
Skular
Kulturskule
Reiseliv

Resultat

Organisering av kunstnarleg kopetanse
Database over kompetanse
Database over kundegrunnlag
Definerte målgrupper
Auka kunnskap
Fleire kunstopplevingar
Nettverk lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt
Reiselivsprosjekt
Meir kunst i skulen

Effekter

Auka attraktivitet som bu- og arbeidskommune
Auka trivnad
Auka merksemd om estetiske spørsmål
Auka identitetskjenne
Auka kjensle av stoltheit
Fleire grunderar
Meirverdi av tidlegare investeringar
Sikre og utvikle investeringar i kulturfeltet

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Oppstart mars 2013 - utarbeide planen Hausten 2013 - politisk vedtak og bemanning 2014: Gjennomføring av akti

Kostnadsplan

Tittel	2013	2014	2015	2016	2017	SUM
Administrasjon	300 000	300 000	400 000	400 000	400 000	1 800 000
Innleige kompetanse	30 000	30 000				60 000
Kurs/seminar	50 000	50 000				100 000
Lage marknadsplan						0
Marknadsføring	50 000	50 000	30 000	30 000	30 000	190 000
Møter arbeidsgrupper	20 000	20 000	10 000	10 000	10 000	70 000
Prosjektutvikling tiltak	50 000	50 000	50 000	50 000	50 000	250 000
Research	50 000					50 000
Skrive masterplanen	50 000					50 000
Søknader om tilskot/rapport	25 000	15 000	15 000	15 000	15 000	85 000
Trykk og design	50 000	50 000	30 000	30 000	30 000	190 000
Utvikle database kompetanse	30 000					30 000
Utvikle database kunder	30 000					30 000
Sum kostnad	735 000	565 000	535 000	535 000	535 000	2 905 000

Finansieringsplan

Tittel	2013	2014	2015	2016	2017	SUM
Bolyst	350 000	350 000	300 000	200 000	100 000	1 300 000
Eigen inntening		25 000	50 000	100 000	185 000	360 000
Hordaland fylkeskommune RUP/KUP	135 000	135 000	135 000	35 000		440 000
Kvam herad	150 000	55 000	50 000	50 000	50 000	355 000
Kvam næringsråd	50 000					50 000
Private gaver				150 000	200 000	350 000
Regionalt næringsfond i Hardanger	50 000					50 000
Sum finansiering	735 000	565 000	535 000	535 000	535 000	2 905 000

Geografi

1228-Odda, 1231-Ullensvang, 1232-Eidfjord, 1233-Ulvik, 1234-Granvin, 1238-Kvam, 1227-Jondal

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Eventyret i Hardanger_kvamprofil.pdf	5 055 281	08.03.2013